**Arkiv:**
**JournalpostID:** 19/39
**Saksbehandlar:** Ørjan Raknes Forthun
**Dato:** 25.03.2019

# Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg | Møtedato |
|---|---|---|
| 011/19 | Fellesnemnda Alver partsamansett utval | 28.03.2019 |
| 017/19 | Fellesnemnda Alver | 01.04.2019 |

## NGIR - saksbehandling og administrasjon av slam i Alver

**Vedlegg i saken:**
25.03.2019 Sakshandsaming og administrasjon av slam i Alver kommune 1325422

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**
Fellesnemnda meiner at det er ein fordel både for abonnentane og for administrasjonen i Alver kommune at NGIR tek over arbeidet med administrasjon av slamtømmeordninga frå 01.01.2020. Førebuingsarbeidet kan starte slik at nødvendige avklaringar er gjort til saka blir fremja for kommunestyret i Alver, jf § 83 i «Lov om vern mot forurensninger og om avfall» og kommunelova § 27.

**Bakgrunn for saken:**
Saka skal avgjerast av Alver kommunestyre

NGIR organiserer og drifter både renovasjonstenestene og slamtømmetenestene for eigarkommunane. Kommunane har ikkje oppgåver knytt til utføring av tenestene.
Utgiftene som NGIR har, blir dekka av høvesvis renovasjonsavgift og slamavgift frå abonnentane. Utrekning og fastesetting av avgiftene skal følgje sjølvkostregelverket. Eigarkommunane godkjenner avgiftene kvart år, etter vedtak i NGIR sitt representantskap.

NGIR har frå før alt ansvaret for saksbehandling og administrasjon av renovasjonstenestene (med unntak for Fedje). Utrekning av satsane og innkreving av avgifta blir gjort heilt og fullt av NGIR.
Når det gjeld slamtømmeordninga, er det førebels Gulen og Solund som har overført administrasjonen av denne tenesta også til NGIR. Det vil seie at NGIR krev inn avgifta direkte frå abonnentane i Gulen og Solund, til liks med renovasjonsavgiftene elles.
Dei andre kommunane har eit eige apparat for å administrere slamavgiftene. Den avgifta som NGIR har fastsett, i tråd med sjølvkostregeleverket, får derfor eit administrativt påslag som abonnentane må dekke. Rådmennene i Meland, Radøy og Lindås meiner det er grunn til å vurdere om dette er ei effektiv ordning når Alver blir etablert.
Etter eit drøftingsmøte har NGIR kome med tilbod om å overta administrasjonen av slamavgifta i Alver, medrekna oppfølging av avvik hjå abonnentane.

**Vurdering:**
NGIR har kartfesta alle slamtankane i Nordhordlandskartet og er kopla opp mot alle data frå den som

utførere sjølve tømminga. Alt er synkronisert mot KomTek hjå NGIR, slik at tømmedata og avvik til ei kvar tid er oppdatert. Den enkelte kommune må også vere synkronisert opp mot NGIR sine data for å kunne fakturere ut slamavgiftene. I tillegg må kommunane få tilgang til avviksmeldingane for å følgje opp sakene med pålegg om retting osv. Etter kvart som digitale løysingar og digital kommunikasjon har utvikla seg, virkar det ikkje lenger hensiktsmessig at både NGIR og kommunane skal ha oppgåver knytt til desse dataene.

NGIR kan ta på seg oppgåva med å faktuere alle innbyggjarane i Alver kommune for slamtømming. Oppgåva med oppfølging av avvik kan det også vere hensiktsmessig at NGIR følgjer opp (manglande dykk, feil på lokk, lekkasje osv) sidan dei har oppdatert oversikt til ei kvar tid. Alle kostnader skal uansett dekkjast av avgiftene, kommunen vil ikkje få noko faktura frå NGIR på arbeidet.
Påslaget som den enkelte kommune i dag legg på avgifta for å dekke sine administrative kostnader, varierer frå kommune til kommune. Dersom NGIR overtar saksområdet, blir slamavgifta lik for alle abonnentane.

Saksbehandling av sjølve utsleppsløyve inngår ikkje i slamtømmeordninga, dette er knytt til byggesaksbehandlinga og må gjerast av kommunane sjølve i alle høve.

Eit vedtak om at NGIR skal overta sakshandsaming og administrasjon av sjølvkostområdet for slamtømmeordninga må gjerast av Alver kommunestyre, jf § 83 i «Lov om vern mot forurensninger og om avfall». Sidan vedtaket ikkje kan gjerast før etter valet hausten 2019, kan det vere noko knapp tid om førebuingsarbeidet startar etter det vedtaket. For å vere klar frå 01.01.2020 er det fordelaktig å starte førebuingsarbeidet allereie no, dersom fellesnemda går inn for det. Avklaring av oppgåvedelinga har også verknad for arbeidet med den administrative organiseringa av Alver.
NGIR vil arbeide vidare med tilrettelegginga og ta nødvendige initiativ for å få saksområdet på plass.

**Fellesnemnda Alver partsamansett utval 28.03.2019:**

**Behandling:**
Meldinga vert teke til orientering, samrøystes.

**FA PSU- 011/19 Vedtak:**
Meldinga er teke til orientering.